MILJØ DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

# Årsrapport frå SNO for 2024 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Tunsbergdalsbreen



# Innhald

Innleiing

1. Kontroll og tilsyn
2. Registrering og overvaking
3. Skilting og informasjon
4. Forvaltningstiltak
5. Andre tema
6. Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging




Ved Austerdalsbreen, foto Anne Rudsengen, SNO

Første året med nytt nasjonalparkstyre og i alt fire nye styremedlemmar.
Trygve Snøtun (nasjonalparkforvaltar), Stine Fjellkårstad (repr frå Stryn), Stig Ove Ølmheim (repr frå Sogndal), Oddmund Klakegg (repr frå Sunnfjord), Andreas Wollnick Wiese (styreleiar og repr frå Luster), Hege Lote (repr frå Vestland fylkeskommune) og Tor Arne Hauge (nasjonalparkforvaltar). Mariell Eikeseth Koren (repr frå Gloppen) var ikkje tilstades.



Nye SNO-bilar med tydlegare logo

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

## 1. Kontroll og tilsyn

# Synleg tilstades

- Eigen logo, sjølv om SNO er ein avdeling i Miljødirektoratet
- Tydeleg med SNO-uniform og etter kvart meir synlege bilar
- Oppfølging av tips, tipsdatabasen: Tips Miljødirektoratet om miljøkriminalitet - miljodirektoratet.no
- Tek kontakt, blir kontakta
- Multifunksjonelle, med i alt åtte lovverk vi håndhever




- Både nasjonalparkstyret og SNO kan politianmelde ulovlege forhold: den som først kjem over/får vite om
- SNO kan bruke lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr, OTG)
- Nasjonalparkstyret kan pålegge retting
- Inga politianmelding i nasjonalparken i 2024
- Uavklar status på oppført jakttårn-instalasjon

| Vedtakstittel | Dokument | Dato |
|---|---|---|
| Vedlikehald av sti Sunndalen - Løyve | | 22.10.2024 |
| Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter - Skålastien | | 13.09.2024 |
| Solcellepanel på turisthytte i Jostedalsbreen nasjonalpark- dispensasjon | | 03.09.2024 |
| Avslag - Motorferdsel med helikopter - uthenting av felt storvilt - Jostedalsbreen nasjonalpark | | 03.09.2024 |
| Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Fotografering - 2024 - JOSTICE - NVE | | 26.07.2024 |
| Motorferdsel og tilrettelegging av sti utsett fristBriksdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark - dispensasjon<br>*Fleire vedtak på same sak* | | 17.07.2024 |
| Motorferdsel med helikopter - persontransport til naudbu i Jostedalsbreen nasjonalpark - Avslag | | 11.07.2024 |
| Motorferdsel for uthenting av breis ved Store Supphellebreen i Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon | | 05.07.2024 |
| Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter - Nyestølen | | 05.03.2024 |
| Motorferdsel og oppsetjing av bru i Jostedalsbreen nasjonalpark - dispensasjon | | 13.02.2024 |
| Sak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Godkjenning av øvingsplan 2024-2027 - Luster Røde Kors Hjelpekorps | | 13.02.2024 |
| Sak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Basestasjon til radiobjøller - Gjetargut - Austerdalen | | 13.02.2024 |

# Miljøvedtaksregisteret

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

- Miljøvedtaksregisteret er eit ope register der alle nasjonalparkvedtaka blir lagt
- SNO sjekker vedtaka, og dei som kan kontrollerast vert registrerer i ein feltapp.
- 12 saker i 2024, der det er fleire saker i eitt vedtak. I 2023 var det 14 saker
- Saker som går att
- Vedtak som går over fleire år

- Det blir skrive gode og kontrollbare løyver. Protokoll og vedtaka bør formidlast rett etter møte




MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

## 2. Registrering og overvaking

# Bestandskartlegging: jervesporing

- Kvart punkt viser kvar det er dokumentert spor etter jerv i 2024
- For heile Vestland var det dokumentert 45 spor i 2024 og 64 i 2023. For Stryn var tala 1 for 2024 og 8 i 2023
- Aktivitetsloggen for 2024 viser i alt 196 logga turar i Vestland, ca 20 færre enn i 2023. Mest aktivitet er det i indre Sogn




MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

# Ferdselstelling

Gjennom 2024 har det vore automatisk telling av turistar på tre stadar i nasjonalparken: På stiane inn mot Bødalssæter, Erdalssætra og Haugastøylen. I tillegg har det vore ferdselstelling i naturreservatet for Nigardsbreen.

Dette er truleg siste året med denne type ferdselsteljarar. Det vert arbeidd sentralt i Miljødirektoratet for å finne nye løysingar. Å bruke eksisterande tellingar er aktuelt, som t.d. bomvegar og parkeringar. I tillegg til stordata.



MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

# Stien mot Haugastøylen og Haugabreen

Ferdselsteljaren stod ved stien før støylen i tidsrommet 3.juni til 23. september. På den tida passerte kring 4600 kvar veg. Det gjer eit gjennomsnitt på ca 42 pr. dag. Perioden frå tidleg juli til midten av august har mest besøk.



Rekketunet med sel på Bødalssætra

# Stien mot Bødalssæter

I gjennomsnitt passerte det kring 40 personar kvar veg gjennom sommarsesongen. Tal turistar er ganske likt fordelt på dagane i veka. Kring 4500 passeringar kvar veg gjennom sommaren.



# Fleire aktørar har tellingar kring nasjonalparken

For mange av dei private vegane inn mot nasjonalparken er det betaling, og då også data tilgjengeleg. Dette gjeld inn mot: Sunndalssætra, Erdalssætra, Bødalssæter, Kjenndalsbreen, Haugabreen, Befringsdalen, Fossheimsdalen, Anestølen, Tungestølen og Leirdalen (mot Hest og Tunsbergdalsbreen)

Det blir teke parkeringsavgift nokre stader kring nasjonalparken der hovudføremålet med parkeringa vil vere tur inn i nasjonalparken: Dette er ved Åning i Oppstryn, starten på Skålastien, Åbrekk i Oldedalen og i Briksdalen (to aktørar).


Morene inn mot Bødalsbreen

# Bevaringsmål: effektmåling

- Det er ynskjeleg at ein måler effekten av tiltak i nasjonalparken. Så langt er det utført i femområde:
    - Granhogst/fjerning av gran i Sunndalen og Fosdalen,Oppstryn. Effektmåling kvart 5. år
    - Omlegging av sti forbi sårbare morener i Bergsetdalen, Austerdalen og Bødalen. Måling kvart år for å sjå kor raskt det veks til
- Frå 2024 blir registreringane frå effektmålingane betre tekne vare på enn tidlegare gjennom databasen Naturoppdrag

# Grenseskilt




Det er kring 30 grenseskilt ved innfallsportar og langs stiar inn mot nasjonalparken. Desse er vist i databasen Naturoppdrag. SNO skifter ut forløpande ved øydelagde eller forsvunne skilt




Ved utsiktspunkt mot Bøyabreen



Fareskilt ved utsiktspunkt mot Austerdalsbreen

# Fareskilt ved brefrontar

Det har kome ny design på fareskilta og desse bytta ut der dei gamle skilta er øydelagde.

Det er informasjon om fare for isras, plutseleg flaum og steinsprang som følge av bresmelting. Skilt er plassert framføre følgjande brear i nasjonalparken: Bergsetbreen, Austerdalsbreen, Supphellebreen, Bøyabreen, Haugabreen, Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen og Bødalsbreen

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN



Nedre del av Supphellebreen

# Informasjon

- Dei tre nasjonalparksentrene kring Jostedalsbreen står for mykje god informasjon, både på sentrene og gjennom naturrettleiarar. SNO har ei god kontakt med dei
- SNO har i hovudsak ikkje høve til å ta med skuleelevar og stundar ut, men kan bli invitert med. Når vi møter på skuleklasser samlar vi gjerne og fortel om nasjonalparken
- Tal informerte i nasjonalparken, i felt, i 2024: 341 (398 i 2023).



Skuleklasse som dukka opp på Erdalsætra då SNO var der

4.Forvaltningstiltak:

# Nasjonalparkinformasjon, sti- og bruer og skjøtsel

SNO kan følgje opp forvaltningsvedtak og tiltak i nasjonalparken. Dette kan vere ved oppstart av eit stiarbeid, undervegs og ved ferdigstilling. SNO kan også gjere noko tilrettelegging og skjøtselsarbeid. I 2024 starta det opp skjøtsels-arbeid i dei tre setredalane i Stryn, og her er det mykje spennande arbeid å følgje opp vidare.



Slått og fjerning av graset ved Sunndalssætra

# Skjøtselstiltak ved Sunndalssætra, Erdalssætra og Bødalssætra


Erdalssætra


Sunndalssætra

- I dei tre skjøtselsplanane for dalføra er det mange konkrete forslag til tiltak, og i 2024 starta grunneigarar opp. SNO bistod i alle tre områda
- Både ved Sunndalssætra og Erdalssætra vart det slått og rydda vekk gras i eit ca 1,3 dekar stort areal. Desse vart gjerda inn gjennom det meste av beitesesongen
- I alle tre dalføra er det på og langs stiane utført ryddding og tilrettelegging. Både turfolk og beitedyr nyt godt av dette



Fleire slåtteartar dukka fram på område ved Sunndalsætra

MILJØ DIREKTORATET
STATENS NATUROPPSYN

# Nasjonalparkinformasjon


Tungestølen


Bøyabreen

- Ved fleire innfallsportar til nasjonalparken er det no etablert «informasjonspunkt». Dette blir viktige område for å fortelje meir om naturen!
- Ved Bøyabreen er det laga til ein universell utforma sti, det er sett opp benkar, nye bruar og skiltstativ
- Ved Tungestølen er det etablert eit informasjonspunkt før ein tek til på tur inn Austerdalen eller Langedalen
- Også i Jostedalen er fleire skilttavlar på plass
- SNO har bistått forvaltarane gjennom planleggingsprosessen og konkret ved utsetting av nokre av skiltstativa


Nye sittebenkar og gangsti ved Bøyabreen
MILJØDIREKTORATET
STATENS NATUROPPSYN
Naturoppsyn.no




MILJØ-
DIREKTORATET

STATENS
NATUROPPSYN

# Nasjonalparkskilt

På standard-skiltet for nasjonalparken (til venstre) er kartet dominerande og dette gir mykje informasjon for dei besøkande. I tillegg vil det kome temaplakatar som omtaler ulike naturfaglege emne på ulike stadar i/ved nasjonalparken. SNO kan sette opp skilta på dei ulike skiltstativa i cortenstål som står klar.



Parkeringsplassen på Bergset i Jostedalen

# Stiar og bruer


Lonene


Stien mot Haugabreen

- Breen og brenære område har alltid påverka naturen i nasjonalparken, og klima-vêrendringar råkar ofte kraftigare her enn mange andre stader. I 2024 har det vore mindre øydelagde stiar og bruar enn tidlegare år, men nokre stadar er det utført større reparasjonsarbeid.
- I Lonene, innafor Befringstøylen kom det på plass ny bru etter att den gamle knakk og vart teke av elva. Denne er viktig for tilsyn med beitedyr
- Langs stien opp mot Haugabreen har eit steinras øydelagd ei elvekryssing. SNO gjorde her eit arbeid med å få hoppesteinar på plass att

MILJØ-DIREKTORATET
STATENS NATUROPPSYN



Inste del av stien og utsiktspunktet mot Briksdalsbreen ligg i nasjonalparken. Her er det til tider mykje vatn som gjer det vanskeleg framkommeleg. I år fekk dei lokale aktørane høve til å gjere utbetringar her. M.a.»hoppesteinar» på breasanden ved brevatnet og nye stikkrenner langs siste del av gangvegen.





På stien til Flatsteinsbu i Oldedalen har det tidlegare vore utført reparasjon av gamle steintrapper. Bilda viser nyare arbeid som er gjort både på stien og langs stien. Det er brukt lokal stein for å styre ferdsla og unngå at turgåarar vel ulike trasear. Det er også rydda fram gamle steinmurar langs stien.

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN























# 5. Døme på anna oppsynsarbeid som lokal SNO utførar

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

SNO lokalt, som har hovudansvar for oppsyn med Jostedalsbreen nasjonalpark, har også mange andre feltoppgåver gjennom året. Her er eit utval frå 2024:

1. Oppsyn etter Lov om motorderdsel i utmark
2. Bistå kollega med fiskeoppsyn på Mjøsisen
3. Oppsynsansvar med Vetlefjorøyri naturreservat i Balestrand der det føregår årleg slått
4. Oppsynansvar i Nigardsbreen naturreservat
5. Overvåking av kongørnreir
6. For 2024: også oppsynansvar i Runde fuglefredningsområde der det er stort besøk når lundefuglande svermar tidleg på sommaren


Utsikt frå Jarbu mot Middagsnibba og Kattanakken

# 6. Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt for SNO i 2025

- Mykje folk kan føre til
  - slitasje og forsøpling
  - uroing av dyreliv
  - «people pollution»
- Endra vèr – og klima visast tydeleg i brenære område
  - stiar og bruer, endring av elvelaup
  - nedsmelting av brear: ustabilt i fronten
- Kulturlandskapet er i endring
  - bistå med skjøtselstiltak i stølsområde
  - synleggjere nye aktuelle skjøtselsområde
- Generelt oppsyn: vere synleg tilstades, få innspel og informere, skifte grenseskilt og anna skilting
- Følgje opp vedtak: byggesaker, tiltak, motorferdseløyver mm (kontrollappen)

# Oppfølgingspunkt med forvaltningstiltak for forvaltning/SNO i 2024



Stien ned frå Oldeskaret med utsikt mot Briksdalsbreen

- Bruke Naturoppdrag!

- Oppfølging av aktuelle stiar og bruar: T.d. der nasjonalparkstyret er/har vore involvert
- Utføre skjøtselsarbeid og følgje opp der andre gjer skjøtsel
- Bistå ved oppføring av skilt etter merkevaren og etablering av informasjonspunkt
- Legge til rette for fleire tiltak for å fremje det biologiske mangfaldet ved skjøtsel av gammalt kulturlandskap

MILJØ-DIREKTORATET
STATENS NATUROPPSYN

# Svar frå kunstig intelligens …

MILJØ-DIREKTORATET

STATENS NATUROPPSYN

**Du**

Kan du lage eit bilde som illustrerer nasjonalparkstyret på synfaring i Jostedalsbreen nasjonalpark?

**Copilot**

Jeg skal prøve å lage det.

**Du**

Kan du lage eit bilde av nasjonalparkforvaltninga for Jostedalsbreen nasjonalpark?

**Du**

Kan du lage eit bilde av eit naturoppsyn som jobber i Jostedalsbreen nasjonalpark?





